

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

69.ÅRG. / NR.2 - 2016

Kantor
Tone Synnøve

Side 4-5

Vegen

Side 10, 11,

12 og 13

- Andakt side 3
- Slekters gang side 19
- Gudstenestelista side 20

DEN NORSKE KYRKJA**I VAKSDAL****Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Kyrjekontoret har ikkje telefaks.

Ekspedisjonstid:**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo****Rosvold**

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Trusopplærer**Kristin Straume Audestad**

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

Kantor Tone Synnøve Ø. Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Kantor (vikar) Natalia Medvedeva

Mobil: 477 17 931

E-post: natalia.medvedeva@vaksdal.kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på
www.vaksdal.kyrkja.no

????????????????????????????????????

Tid for noko nytt... eller?

Tida går ikkje den kjem, sei eit gammalt ordtak. Dei fleste av oss meiner nok uansett at den går altfor fort. Når eg var liten gjekk tida svært sakte. Eg gleda meg til å bli stor. Stor nok til å sykla til skulen aleine, stor nok til å køyre båt aleine på fjorden, stor nok til å ta mopedlappen, stor nok til å ta billappen. No går tida altfor fort, og endringane kjem tettare og tettare synest eg. I skrivande stund går debatten høgt rundt kommunesamanslåing. Når du sit og les dette veit me forhåpentlegvis litt meir om dette. Kyrkja er også inne i store endringar. Den mest synlege har nok vore homofilidebat-ten. Men kyrkja skal også gjennomføra sitt endelege skilje frå staten. Kva skjer då med økonomiske rammer, kva skjer med prestebustadar, kva skjer med prestane sine arbeidstilhøve og arbeidstid. Kva skjer med fellesråda. Er fellesråda som me har i dag store nok, robuste nok? Spørsmåla er mange

Å være endringsvillig er eit positivt lada ord. Dette er ei formulering som ofte vert nytta i utlysningstekstar. Eg er endringsvillig, men samtidig kjenner eg at det er vondt å gje slepp på det som har vore. Eg meiner også att all endring ikkje treng å være til det betre. Det er viktig at me tar oss tid til å stoppa opp å tenkja. Det er mangt og mykje som kunne vore sakt om dette, men som vanleg er det nokon andre som sei det betre meg: «Alt har si tid, det er ei tid for alt som hender under himmelen» Forkynnenaren 3.1. Me no er sumaren her og det er snart ferie, då skal eg uansett få betre tid... trur eg...

God sumar!**Bjart-Magnus N Rosvold**

Spørsmålet om kven som skal få lov til å gifte seg med kvarandre i kyrkjene våre har vore framme i lokalmedia i vår, med til dels heftige ytringar. Det skjer ikkje noko meir i denne saka før det har vore kyrkjemøte i januar, og i samband med dette vil me skrive noko om kva konsekvensar desse spørsmåla får i våre kyrkjelydar.

Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Kjersti Vetlejord Børø

tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme**si heimeside:**

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no**KYRKJEBLAD FOR****VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

Retur til: Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til ??????????????????

...og fred frå Gud...



«Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus»

Slik er opningshelsinga i dei alle fleste gudstenestene våre, i alle høve i Vaksdal. Og kva for ei glede er det ikkje å få stå i kyrkja og få seie dei orda til alle som er samla til gudsteneste!

Det finst knapt nok nokon betre «opningsreplikk», eller noko betre ynskje ein kan ha for menneska ein møter. Orda er henta frå innleiinga til dei fleste Paulus-brev i Det nye testamentet, og me nyttar dei som oftast i starten av ein vigsel eller ei gravferd og.

Fred er eit godt ord. Og det er godt å ha - eller få - fred, anten det er rundt seg eller inni seg. Det mest openberre er kan hende fråver av krig og vald, og såleis kan me gjerne seie at me har fred her i vår del av verda. Likevel hender det at menneske vert utsett for vald og overgrep her hos oss og. Me er heller ikkje alltid gode og rettvise med kvarandre.

Det er mykje me kan gjere for å skape fred iblant oss. Det kan koste oss noko, det er sant. For me må kan hende ikkje lenger vere så stolte og sta. Eller vere redde for at andre får meir enn oss. Eller at nokon får meir merksemd enn oss. Tenk berre kor mykje betre livet var viss me hadde fred med våre næraste! Ikkje trengde me grue for eller unngå å møtast, ikkje

trengde me vere redde eller heile tida vere på vakt. Og ikkje trengde me vere aleine når det verkeleg røynde på i livet og me kjende kor godt det hadde vore å ha han eller ho i nærleiken. Freden mellom oss menneske kan vere skjør. Familiemedlemer, arbeidskollegaer, naboar og andre vert uvenner over saker og spørsmål dei ikkje er samde med kvarandre i. Må det vere slik?

Nett i vår tid verkar det og som om me får - elle gjev oss sjølve - mindre fred enn tidlegare på andre måtar. Det finst mange fredstjuvar blant oss. Og då tenkjer eg ikkje på andre menneske, men nett her på alle dei elektroniske «dingsane» som får merksemda og tida vår. Dei som gjer oss både kvileause og fredause.

Å ha fred med seg sjølv er og noko godt. Det er både noko allmen-religiøst og ikkje-religiøst over det, og slett ikkje knytt til den kristne trua. Psykologane kan og seie noko om kor viktig det er å ha fred med seg sjølv. Likevel er det vel ikkje nett for mange menneske som har fred med seg sjølv? Hendingar i livet, og haldningar me har, kan vere årsakar til det - og dei kan vere vanskelege å ordne opp i så me får freden me ynskjer oss.

Med fred frå den treeinige Gud er det annleis enn med anna fred. Jesus har ein fred han vil gje oss, og han seier det slik:

Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk.

Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det.

(Johannesevangeliet 14, 27)

Me kan altså få ha fred med Gud! Det er ikkje ein fred me skaffar oss gjennom trening og mentale øvingar, men det er noko me får. Livet vert ikkje utan motgang eller sorg eller smerte, for me lever me heile oss i denne verda. Og me lever i fellesskap med andre menneske - på godt og vondt. Men me kan få eige ein fred, ein fred «som går over all forstand», slik Paulus skriv det i brevet til Filipparane

Det er nett det desse opningsorda i gudstenesta fortel oss - anten for fyrste gong eller som ei påminning.

**Med venleg helsing
Frode Kvamsøe**

Utfordringar over ein kopp kaffi

Ein torsdag formiddag i slutten av mai møtte eg Tone Synnøve Øygard Steinkopf på Naboen på Stanghelle, for ein kopp kaffi og å slå av ein prat. Tone Synnøve har nemleg fått ny jobb som kantor i Molde domkyrkje, frå 22. august. Ho fortalde meg om bakgrunnen for det nye karrierevalet.

Vegen som kantor

Kvifor ville du bli kantor?

Eg kan ikkje huska at eg ikkje har reist på gudstenester. Det har alltid vore heilt naturleg å vera ein del av ei kyrkje, ein kyrkjelyd. Men eg har i tillegg hatt store interesser for song og musikk generelt. Eg begynte å jobbe som organistvikar frå eg var 14, eller 15 år, og syntest det var veldig kjekt. Dette gav meg også inntekt til studie og ungdomstid. Då eg var ferdig med vidaregåande, søkte eg egentlig ei piano-pedagogisk utdanning. Men fordi eg ikkje gjekk vanlig vidaregåande, og heller eit alternativt opplegg, så blei det ikkje godkjent av departementet. Eg kunne derfor ikkje begynne på denne studieretninga. Men dei gav meg tilbodet om å begynne på kyrkjemusikk. Deretter tok eg ei opptaksprøve for dette, og kom inn. Eg søkte derimot også på ei pedagogisk utdanning, men personleg hadde eg heller lyst å gå i ei musikkretning.

Så det var kyrkjemusikk du ville jobba med?

Første valet var ikkje kyrkjemusikk der og då. Dette handla meir om at eg hadde piano som hovudinstrument, og ikkje ønska å skifte over til orgel. Eg var kjend med å spela orgel i min barndom, og visste vel kva dette gjekk i. Difor ville eg ikkje ta eit skritt tilbake. Det var jo kjekt å spela orgel, men på denne tida brann eg meir for pianoet. Du kan seie at eg "måtte" (sei ho mens ho



Klinikk i samfunnshuset i ein landsby.

ler), i og med at det var jobb-moglegheiter tilgjengelig her. Men alt i alt var det å jobbe med musikk målet, noko som har lagt seg til rette for meg.

Musikken lever sitt eige liv gjennom meg, og på den måten er det mogleg å gje andre gode opplevingar.

Kva utdanning har du?

Eg er utdanna kantor, med hovudfag i kor, og 1 år med pedagogikk. To år ved Bergen musikkonservatorium, og dei resterende åra på kandidatstudium i Oslo, med til saman 2 år med hovudfag og 1 år på pedagogikk. 7 år alt i alt.

Kvifor vil du tilbake til Molde?

Egentlig er eg frå Fræna kom-

mune, som ligg nord for Molde. Sann sett er Molde den nærmaste domkyrkja. Mannen min, Olav Arne Steinkopf, har snakka med meg om å søkje stillingar i domkyrkjer, men eg har egentlig ikkje tenkt at dette var noko for meg. Så kom det ei stilling tilgjengeleg i domkyrkja i Molde. Dette var ei enklare utfordring, i og med at eg har familie der, og kjenner til nær-områda. Derfor blei det litt lettare å utfordra meg sjølv, noko som ikkje alltid er like lett for meg. Eg er ikkje modig nok til søkje kor som helst.

Dette er ein større kyrkjelyd enn eg er vant til. Molde har rundt same populasjonen som på Voss. Ressursane er mykje større her også. Med eige orkester, og fleire og større kor. Blant anna har dei tradisjon med framsyning av Händels Messias, noko som trenger

masse ressursar og tid. Dette er mykje vanskelegare å få til her.

Korleis var det å først komme til kommunen her?

Den første tida var ikkje noko bra. Eg var i morspermisjon fram til sommaren. Me kom i januar, og kjente nesten ingen. Det var kaldt, mørkt og lite sol. Årstida hjelpte ikkje til heller. Eg var åleine heima med to born, og såg ikkje eit menneske utanfor døra. Søndag blei fort vekas høgdepunkt, då eg fekk møta nye folk ved gudstenester.

Det er ofte vanskelig å komme inn i eit bygdemiljø, særleg om du kjem frå ein storby?

Dette var eg førebudd på. Eg rekna med at det måtte tid og innsats til. På toppen av det heile var eg sjenert på denne tida, som førte til at eg blei mykje åleine. Det var

ei stusseleg tid.

Musikken for Tone Synnøve

Kva er det med musikken som interesserer deg?

Eg er nok blitt stimulert i barndommen av familien, men eg trur ikkje det er så enkelt. Det er noko på innsida som gjer at eg brenn for den. Musikken lever sitt eige liv gjennom meg, og på den måten er det mogleg å gje andre gode opplevingar. Det er få menneske som ikkje liker musikk, sånn sett kunne fleire gått i ei slik retning.

Men det krev litt meir enn ei interesse for å ha det som levebrød. Du må jo ha ein lidenskap for musikk, og gode ferdigheitlar. Dette låg for meg allereie i ung alder.

Har du kjent konkurranseinstinkt til slå inn her?

Ein samanliknar jo seg sjølv med dei rundt seg. Det har alltid vore nokon på høgare nivå enn meg, men dette gav meg heller noko å strekke meg etter. Følelsen av at eg og vil, eg og kan, eg og skal klare. Nokon mister kanskje motet når folk er betre enn dei, men dette har blitt ein av mine motivasjonar.

Har du, eller hadde du, nokre idol innanfor musikk?

I 13-14 års alderen fekk eg kjennskap til Norges ledande pianist i dag, Leif Ove Andsnes, gjennom ulike song- og musikkurs. Eg fekk høyra han spela mykje kul musikk, eller det eg syntes var kul musikk (ler ho høgt). Då fekk eg også oppleve å spela med han. Både firhendig piano, og akkompagnering med meg på blokkfløyte og han på piano. Det ante meg ikkje kor flink han egentlig var, der og då. Men dette oppfatta eg etterkvart. Då han var 18 år, fekk han spela avslutningskon-

serten i Grieghallen, ved festspela i Bergen. Då reiste eg og systema mi med fly frå Molde til Bergen for å høyre på denne konserten. Han var heller ein inspirasjon enn eit idol, og fekk meg til strekke meg i musikken.

Ynskjer før, og ynskjer vidare

Korleis er fellesskapet ved dei ulike kyrkjelydane i Vaksdal?

Alle kyrkjelydane i Vaksdal er forskjellige, og det er ulikt kor nærme eg har vore på dei ulike. Personlig ynskjer eg at dei hadde vore meir samkjørte, slik at det hadde blitt naturleg å kunne gå i kvarandre sine kyrkjer.

Eg har og eit personlig ynskje om at terskelen for å gå til gudsteneste skulle vera låg, at du går utifrå at du er som du er og at du sjølv vil gå.

Er det noko bodskap du har ynskja å formidla i jobben?

Generelt skulle eg ynskje at folk kunne sett det som ein naturleg del av sitt liv både det å delta i gudsteneste og det å vera ein del av fellesskapen. Me har prøvd å leggje til rette for dette, blant anna for konfirmantane. Folk trur gjerne at ei gudsteneste er ei gudsteneste, og at den er heilt statisk. Men den har forandra seg gjennom dei siste 18 åra. Me som har følgd med ser ein stor kontrast frå då og til no.

Du skal ikkje måtte ha ein unnskyldning for å gå til gudsteneste, men heller gå for at du sjølv vil. Eg har og eit personlig ynskje om at terskelen for å gå til gudsteneste skulle vera låg, at du går utifrå at du er som du er og at du sjølv vil gå. Og at det ikkje blir ei negativ merksemd retta mot dei

som kjem til gudstenestene og går til nattverd.

Eg vil påstå at dette er ein stor del av bygdelivet.

Det har eg oppfatta (ler ho). Men framleis vil eg heller ha den tryggleiken at me skal kunne gå til nattverd fordi me vil, og la vere å gå viss me ikkje vil. Det er altfor mange i Vaksdal kommune som gjerne kunne gått til nattverd, men som ikkje tørr. Dei er meir redde for kva naboen skal seie. Eg høyrer og om folk som trur at dei ikkje er gode nok til å gå til nattverd. Eit av mine mål gjennom åra her har vore å senke denne terskelen.

Føler du sjølv at du har oppnådd dette til ein viss grad?

Eg føler at det er blitt betre, og eg har jobba for å leggje til rette for at fleire skal kome til nattverd. Sjølv om det har blitt litt betre, synes eg fortsatt at alle burde kunne kome til nattverd, særleg det at borna skal kunne gjere det. Me har senka terskelen. Håpet er at den skal bli enda lågare. Men samstundes skal dei som ikkje vil ta imot nattverd få kunne la være. Ingen skal kjenne seg tvungen til det.

Ynskjer du å nå endå lenger enn domkyrkja i Molde?

Det er vanskelig å seie. Eg tar ein dag om gongen. Å vera eit karrieremenneske er ikkje noko for meg. Det er Olav Arne som har meint at eg skulle søkje stilling som domkantor ein eller annan stad. Mulighetene for å jobbe i Bergen har vore der, men då kunne eg jo like gjerne jobbe vidare i bygdene i Vaksdal. Eg hadde aldri blitt i Vaksdal i 18 år visst ikkje det var fordi eg trives.

Blir din største utfordring å utfordre deg sjølv?

Det høyrdes ut som meg, ja. Eg ynskjer utfordringar, eg yn-

skjer at ting skal bli gjort. I forhold til då eg var ny her, har eg etter kvart teke på meg mykje større mengde med arbeid. Eg har behov for å gje meg sjølv nye utfordringar, og når eg klarer dette føler eg meg tilfreds med det.

Har du nokre mål vidare?

Komme til himmelen (ler ho til seg sjølv).

I yrket ditt, tenkte eg på.

Eg er ikkje noko karrieremenneske. Himmelen blir mitt foreløpige og endelige mål. Me får sjå kva som skjer vidare. Utanom dette blir målet å ha så mange som mogleg med meg på veggen dit.

Tekst/bilete: Sebastian Faugstad



Sebastian (19) er fødd og oppvaksen på Dale. Han studerar journalistikk ved Edinburgh Napier University, og har bakgrunnsrøynsle frå studentradio og lokalaviser.

Min salme

Heilt frå eg var liten har eg høyrd på og sunge kristne songar. Fyrst dei enkle barnesongane og seinare songar med meir vaksne ord. Når ein i tillegg har vore lenge med i kor, vert det ganske mange songar ein har vore innom opp gjennom åra. Barnesongar kan ofte vera enkle og klare formidlarar av den kristne budskapet til alle aldersgrupper, og slik sett kunne det gjerne vore ein barnesong eg valde meg ut i denne spalta. Vi har også ein arv med songar som er skrivne for lenge sidan, men som fortsatt er like aktuelle i innhald. Her er det også gode kandidater til å finne ein favorittsong.

Men også i nyare tid er det skrive songar som har eit flott innhald, og eg vel meg ein slik song no. Det er ein gospelsong med norsk tekst, som eg med glede har vore med og sunge ein del dei siste åra på gudstenester og møter. Songen er tatt med i den nye salmeboka, og det er Hans Olav Mørk og Tore W. Aas som har skrive tekst og melodi. Tittel: Som barn i ditt hus - nr 564 i salmeboka.

Det er Jesus som tek initiativet og ynskjer å ha fellesskap med oss. Han har lagt grunnen for dette ved sin død og oppstode, og vi skal få tru på han og kalle oss hans born. Vi kan vera nok-så ulike som menneske og vi har våre styrker og svake sider alle saman. Men vi kan vera ærlege med oss sjølve og overfor han, og han møter oss med sin kjærleik og nåde. Ei felles oppleving av dette gjev fellesskap også med kvarandre - som Guds born.

Jostein Rene sender salmestafetten vidare til Ragnhild Gravdal.

Norsk salmebok 2013 nr 564

T: Hans-Olav Mørk, Tore W Aas 1996

M: Tore W Aas 1996'

*Som barn i ditt hus har vi hver og en et sted
Der vi kan søke ditt ansikt og du gir oss av
din fred.*

Så møtes vi her i din store faderfavn.

*Du lar oss juble og glede oss når vi er samlet i
ditt navn.*

*Du har lovet å være til stede for å dele vår
sorg og vår glede.*

*Gi oss vilje og mot til å leve, Herre, som barn
i ditt hus.*

*Som barn i ditt hus gir du rom for alt vi er.
Vi har vår styrke og svakhet. Midt i alt er du
oss nær.*

*Du samler oss nå til bønn og lovsang rundt
ditt bord.*

*Og vi skal gå med din kjærlyghet ut til alle
folk på jord.*

*Du har lovet å være til stede for å dele vår
sorg og vår glede.*

*Gi oss vilje og mot til å leve, Herre, som barn
i ditt hus.*

Vi ber for din kirke

Vi ber for hverandre

Vi ber for vår verden.

Velsign oss du, vår Gud!

*Du har lovet å være til stede for å dele vår sorg
og vår glede.*

*Gi oss vilje og mot til å leve, Herre, som barn
i ditt hus.*

Arbeid på kyrkjer og gravplassar i Vaksdal

Sumaren er arbeidstid. Det er mangt og mykje som treng å gjerast på dei forskjellige kyrkjene og gravplassane våre. Det er langt ifrå alt me får gjort som skulle våre gjort. Fellesråda brukar mykje av møtetida si på å vurdere forskjellige vedlikehaldsprosjekt. Dette er eit krevjande arbeid, og det er ofte vanskeleg å vita kva som skal prioriterast. Men me får gjort mangt og mykje, og denne våren/sumaren er ikkje noko unntak. Når det gjeld vedlikehald av kyrkjene skal me også retta ei stor takk til fleire av sokneråda, som er aktivt med og gjer ein stor dugnadsinnsats.

I 2016 har Fellesråd undertekna ein ny tenesteytingsavtale med Vaksdal kommune. Summen av denne avtala er at Vaksdal kyrkjelege fellesråd igjen skal ha hovudansvar for arbeid og vedlikehald på gravplassane i Vaksdal kommune. Eventuelle spørsmål om gravplassar kan rettast til kyrkjeverja.

Under fylgjer ei liste over noko av arbeidet som vert gjort på kyrkjer og gravplassar i sumar. Lista er ikkje uttømmende. Utsifting av ringeanlegg i Dale kyrkje: Dale kyrkje har fått nytt og moderne elektrisk ringeanlegg. Det gamle anlegget som sto i kyrkja har blitt skifta ut, utstyr er overhald og det er på plass moderne «data styring» av klokkene. Dette



Eksingedalen kyrkje treng maling, og trea på begge langsiden vert fjerna då dei har vakse seg for store. Foto: A. M. Hoff

gjer arbeidet til kyrkjetenarane lettare, samt at Dale igjen vil få høgtidsringing. Tilstandsrapport Dale kyrkje: Norconsult har vore inne å gjort ein tilstandsrapport på Dale kyrkje. I skrivande stund ventar kyrkjeverja på denne. Vona er at ein slik rapport skal setja fellesrådet i betre stand til å bestemma kva vedlikehaldsoppgåver som er viktige å ta tak i. Det er mogleg at det vert bestilt vedlikehaldsrapport på andre kyrkjer i kommunen seinare.

Skifte av tårnluker i Vaksdal kyrkje: Tårnlukene i Vaksdal kyrkje har vore svært dårlege. Dette har ført til lekkasjar i klokketårnet. Me er no iferd med å skifte ut alle desse. Dette vil gjera at kyrkja vert turr innvending, og me kan starte arbeidet med å gjera våpenhuset i kyrkja fint igjen. Vaksdal sokneråd har teke på seg mykje av arbeidet som skal gjerast innvendig. Dette fører til at midlane til fellesrådet kan strekka seg endå lengre. Skifte av omnar i Eidsland

kapell: Vinteren 2015 fekk me store problem med oppvarming av Eidsland kapell. Det viste seg at dei gamle omnane fungerte svært dårleg. Desse vert no skifta ut.

Maling av Nesheim kyrkje: Nesheim kyrkje skal malast i løpet av sumaren 2016. Denne flotte kyrkja treng sårt til eit strøk med maling. Nesheim sokneråd har teke på seg det store arbeidet det er å gjera dette.

Maling av Eksingedalen kyrkje: Denne kyrkja skal også målalt. Vaksdal kyrkjelege fellesråd vonar at dette kan gjerast i sumar. Me har starta arbeidet ved kyrkja med å fjerna nokre bjørketrær og ein hekk som hadde vakse seg altfor store intill kyrkja.

Tetting av tak Eksingedalen kyrkje: Det har ramla ned stein frå taket i Eksingedalen kyrkje. Me har også ein mindre lekkasje i klokketårnet. Tårn og tak vil bli tetta so snart råd er.

Vaksdal gravplass: På Vaksdal gravplass har hekken vorte klipt. Dette fører til at kyrkjegarden vert sjåande finare ut. Stamnes gravplass: Hekken rundt Stamnes gravplass skal klippas. Dette vil gje heile gravplassen eit lite «ansiktsløft»

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



KIRKENS
SOS

Gudstenester ute i det fri!



Leik etter gudstenesta ved Skipshelleren i Mai. (Foto: Kyrkjebladet)

Det har alt vore to ute-gudstenester denne «sesongen», ved Skipshelleren og ved Storviksætre i Samnanger (fellesgudsteneste med Samnanger). Dei andre står nedanfor her - og det står fleire detaljar i gudstenestelista bakerst i Kyrkjebladet. Veret spelar sjølvsagt inn i kor det er mogleg å halde gudstenestene, så ta gjerne kontakt med presten i den einskilde gudstenesta viss du er i tvil om kor gudstenesta vert.

Desse gudstenestene er relativt enkle og korte, og etterpå vert det «ta med sjølv» - kyrkjekaffi. I Messehagen er det ei litt større gudsteneste, og soknerådet syter for kyrkjekaffien.

Søndag 19. juni kl. 16.00 FAMILIEGUDSTENESTE

I Agnarvika på Stanghelle.

Me freistar på nytt å ha ei ute-gudsteneste på Stanghelle, på plenen i Agnarvika. Og det er sjølvsagt høve til å bade. Vert ikkje vêret bra nok møtest me i Stanghelle bedehus.

Søndag 3. juli kl. 15.00 STØLSGUDSTENESTE

På Moastølen i Bergsdalen.

Det er traktorveg frå Småbrekke og opp til Moastølen, og dermed rimeleg lett å ta seg fram.

Vert ikkje vêret bra nok møtest me heller i lavvuen på Småbrekke.

Fredag 29. juli kl. 18.00 OLSOKSTEMNA

På Leiro (Eidsland)

Leiro er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. For dei som vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Sauefjøset på Myster. Vert ikkje vêret bra nok møtest me under Ljoseberghelleren.

Søndag 28. august kl. 11.00 FEST PÅ KJERKA

I Messehagen på Dale.

«Fest på kjerka» er eit uttrykk frå Sjømannskyrkja sitt arbeid rundt om i verda, og me freistar å få fram same kjensla når me skipar dette til i Messehagen kvart år. Sjømannskyrkja vert representert og set sitt preg både på gudstenesta og kyrkjekaffien. I gudstenesta vert og komande års konfirmentar presenterte, og me markerar at det er skulestart for årets 6-åringar. Vert ikkje vêret bra nok møtest me i Dale kyrkje.


Bibelselskapet

Det var mangelen på biblar som førte til at det første Bibelselskapet vart skipa. Den unge jenta Mary Jones i Wales hadde spart pengar i mange år for endeleg å få kjøpt ein bibel. Men då ho kom fram, etter å ha gått fire mil til fots, var det ingen biblar å få kjøpt. Presten som opplevde å få Mary Jones på døra, var ein av dei som skipa det britiske Bibelselskapet i 1804. Forteljninga om jenta som ønskte seg ein bibel, men ikkje kunne få tak i ein, vart ein inspirasjon for den store familien av bibelselskap over heile jorda.

Også her i Noreg var det mangelen på biblar som inspirerte til å skipe eit bibelselskap. Biskop Johan Nordahl Brun fekk i 1815 gjennomført ei bibelteljning i 22 prestegjeld rundt Bergen. Teljninga viste at for kvar tusande innbyggjar fanst det berre 41 biblar.

Teljninga vart ein sterk inspirasjon for det nye bibelselskapet. Det Norske Bibelselskap vart skipa den 26. mai 1816. Gjennom 1800-talet gav ein fyrst ut nytestamente der det danske språket gradvis vart fornorska. Den første heile Bibelen vart gjeven ut i 1854.

Men det var ikkje før i åra rundt år 1900 at vi fekk Bibelen på våre eigne språk. I 1895 kom heile Bibelen på nordsamisk. I 1904 kom Bibelen på riksmål, omsett frå grunnen av frå grunnspråka



til norsk, og i 1921 kom heile Bibelen for første gong på landsmål.

I dag, etter 200 års arbeid, finst det ein bibel i dei fleste heimar i Noreg. No i vår tid er utfordringa difor ei anna: Å hjelpe folk til å bruke Bibelen. Å «opne Bibelen for alle» er målet for Bibelselskapet. Lat dette 200-årsjubileet inspirere oss til å ta Bibelen i bruk!

I dag finst det rundt 150 bibelselskap som arbeider i

200 år

pet



meir enn 200 land. Alle har den same visjonen: «Guds Ord til alle menneske, på eit språk dei forstår og til ein pris dei kan betale». I mange land opplever ein framleis den same situasjonen som vi hadde i 1816: På Cuba aukar talet på kristne sterkt, samtidig som det er liten tilgang på biblar. Kyrkjene på Cuba reknar at ein million menneske ønskjer seg ein bibel, men ikkje kan få tak i ein, eller dei har ikkje råd til å kjøpe ein. Mange av desse er born og

ungdom.

No er det folket på Cuba som treng biblar. Takkofferet ved 200-årsjubileet går difor til bibelarbeidet på Cuba. 100 kroner gjev tre barnebiblar til Cuba. Slik går visjonen vidare: «Guds Ord til alle menneske, på eit språk dei forstår og til ein pris dei kan betale».


Les gjerne meir på www.bibel.no

KonfirmantJUBILEUM

- Vaksdal: Søndag 2. oktober
Gudsteneste kl. 11.00. Festsamkome for 50-årskonfirmantane med fylgje i bedehuset etterpå
- Stamnes: Laurdag 15. oktober
Fest i bedehuset kl. 18.00 for 50-årskonfirmantane, årets konfirmantar og dei som elles vil koma.
- Dale: Søndag 16. oktober
Gudsteneste kl. 11.00. Festsamkome for 50-og 60-årskonfirmantane med fylgje i bedehuset etterpå.

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret




Kyrkja i dalen (2008)
Nesheim kyrkje 100 år.
111 sider -
NY PRIS kr 150,-.

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



Dei bygde draumen (2005)
Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 100 år.
220 sider -
NY PRIS kr 200,-
Kan kjøpast her:
Dale: Gyda.
Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja.



Kyrkjestaden Dale 100 år (1996)
104 sider - kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja (1986) 239 sider - kr. 50,-.
Jubileumshäfte for Stamnes kyrkje (perioden 1986-2011) er til sals hjå sokneråds-medlemmene, Kr 100,-



Kva har skjedd på VEGEN sidan sist?



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook!



Borna sin påskedag

Borna sin påskedag gjekk føre seg i Dale kyrkje og i Eksingedalen kyrkje dei to fyrste sundagane etter påske. Her fekk dei inviterte borna, og dei andre som kom i kyrkja, eit annleis innblikk i påskedagane. Gjennom fire-fem ulike stasjonar vart dei fortalt kva som skjedde, samstundes som dei på eit vis fekk delta sjølve, til dømes med å vifta med «palmegreiner» når Jesus kom inn til byen. Korskulen

deltok også, og gjorde sitt til at det blei ekstra stemningsfullt. Når ein ikkje gjekk «runden» til dei ulike postane, kunne borna delta på ulike formingsaktivitetar, samtidig som kyrkjekaffien var servert.

Born frå Korskulen på vårtreff i Sætervika, i regi av Ung kirkesang.



Born frå korskulen deltok på vårtreff i Sætervika i regi av «Ung kirkesang»

Tradisjonen tru deltok born frå Korskulen på vårtreff i Sætervika. Denne gongen var det høve for born ned til første klasse delta. Det var born frå bygdene Starnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal som reiste og koste seg i vårsola i Samnanger. Liv Marie Hofset som er kantor i Nordstrand i Oslo var instruktør. Korsongarane fekk utvikle både korklangen og tekstpresisjon. På søndagen song alle dei 80-90 korsongarane på gudstene- ta i Ådland kyrkje.

Bilete?

Dei eldste i Korskulen fekk vere med på Bjerkrheimjazzprosjektet med konsertar i Bergen domkirke og Os kyrkje. Her var rundt 60 ungdomar frå 11 år og oppover samla til øving i lag med vaksne korsongarar. Ungdomane overnatta på Montana vandrerhjem i Bergen og kom frå Molde i nord til Sveio i sør. Øvingane var lange og krevande, men alt i alt var dette ei ny og annleis oppleving som «vårtreff» for dei eldste.



Born frå Korskulen (i blått) på vårtreff i Sætervika, i regi av Ung kirkesang.

Baby- og småbornssong på Stamnes og Vaksdal

Ein torsdag i månaden har det vore baby- og småbornssong på Stamnes. Tone Synnøve har leia borna gjennom eit repertoar på både tradisjonelle og nyare songar, mange med rørsle - og alltid i same rekkjefylgje, fordi gjentakning er trygt for borna. Etter songstunda er det alltid skattejakt, og borna er med og leitar etter posen som alltid skjular noko nytt. Det som ligg oppi posen, brukar Tone Synnøve til ei kort, kreativ andakt, før ein et niste og frukt saman. 2.juni var siste gongen Tone Synnøve leia dette opplegget før ho byrjar i ny jobb, men ein prøver å hal-

da tradisjonen i hevd også til hausten.

Babysong på Vaksdal

I vår har me prøvd oss med babysong i konfirmantrømmet i Vaksdal kyrkje. Det har vore veldig kjekt, og mattene har stort sett vore fulle av kjekke babyar, syngande foreldre og nokre greie storesysken. Ein gong fekk me til og med besøk av eit lam - passande nok med bleie på. Kristin var ganske spent i starten, då dette var nytt for ho, men dette gav meirsmak, så ho heldt fram med nokre gongar i mai også, endå ein berre tenkte å



Babysong på Vaksdal.

ha babysong ut april. Ho har også no prøvd nokre gongar med babysong i bedehuset på Dale, og dette verkar som eit

eigna lokale for å halda fram med babysong på Dale også til hausten. Meir om babysong litt seinare i bladet.

Korskulen 10 år - feira med konsert



I år er Korskulen i Vaksdal heile ti år! Korskulen består mellom anna av Vaksdal barnekor, Stanghelle/Dale barne-songkor, og ei ungdomsgruppe. Tiårsjubileet vart feira

med ein fin konsert i Dale kyrkje i april, der mange ulike songar stod på programmet. Kantor Tone Synnøve leia dei flinke borna røynd gjennom songane, med god hjelp frå

musikarane Sunniva Gammersvik, Åsmund Evja Eikill, Olav Arne Steinkopf og Sigurd Øygard Steinkopf. Etterpå var det kake- og pølsefest i Dale Bedehus, der borna i Korsku-

len fekk utdelt kvar sine korskule-krus av Tone Synnøve som takk for innsatsen.



Kva skjer på VEGEN framover?

Barnekora

Korleis det vert med barnekora i haust, veit me eigentleg ikkje. Me ynskjer at dei framleis skal eksistera, men det er vanskeleg å vita sikkert om me får det til. Me kjem til å annonsera det på «Vegen i Vaksdal»-sida på facebook når me veit noko meir, og det vil nok stå meir om dette i neste nummer av kyrkjebladet. Om nokon kan tenkja seg å engasjera seg litt frivillig i korarbeidet, kan dei ta kontakt med oss på vegen@vaksdal.kyrkja.no.

Lunsjtreff og småbarnssong på Vaksdal og Dale

Me prøver oss i haust på lunsjtreff og småbarnssong for alle born (med foreldre) under skulealder. Småbarnssong liknar litt på babysong, men ein legg meir opp til at borna etter kvart kan vera med og syngja og gjera bevegelsar sjølv, og det er mindre løfting av borna... Dette vert sannsynlegvis kvar måndag, og så rullerer ein periodevis kvar ein heldt til. I haust blir det nok fyrst ein periode på Dale før haustferien, og så ein periode på Vaksdal etter haustferien. Kanskje prøver me oss med småbarnssong på ettermiddagstid etter kvart, for at dei som er på jobb på dagtid òg har moglegheit til å delta på dette tilbodet.

Baby- og småbarnssong på Stamnes

Baby- og småbarnssong på Stamnes er tradisjonsrike månadlege samlingar som har halde på i over ti år. Det er kanskje ikkje så mange som veit at me har hatt babysong i kommunen så lenge, men det har me altså hatt i ei årrekke. Dette er ei blanding av babysong og småbarnssong, sidan det er ope for alle. Ein inviterer òg inn dei minste borna frå barnehagen i bygda. Me prøver å halda fram med desse samlingane også i haust.

Babysong på Vaksdal og Dale

Babysong for babyar ca 0-1 år var veldig kjekt, så det held me fram med! Det er både sosialt, og noko som ein ser at borna har glede av. Dessutan søv dei visst veldig godt etterpå... Om du lurar på kva babysong er, så er det altså ikkje så mykje babyane som syng, men sjølvsagt foreldra. Me har gode matter/tepper på golvet, og brukar ulike «effektar» som tøy, ballongar og såpebobler for å gje borna opplevingsrike samlingar. På slutten tenner me eit lys for kvart born. Nokre songar me syng er kjende frå før, og nokre er nye. Ein syng stort sett dei same songane kvar gong, då gjentakning er trygt og bra for dei minste borna. Om ein har større sysken heime, er desse sjølvsagt velkomne på samlinga, og får vera med på sitt nivå. I haust prøver me sannsynligvis eit opplegg der me har babysong fyrst, så lunsjtreff der alle som er heime med born under skulealder kan koma, og så har me småbarnssong på slutten, der målgruppa primært er borna frå 1-4 år. Dette vil vera ein periode på Vaksdal og ein periode på Dale, og er sjølvsagt ope for alle, uavhengig av kva bygd ein bur i.

Båt- og fisketur for tolvåringar

Måndag 15. august satsar me på å arrangera båt- og fiskedag for årets tolvåringar, i samarbeid med Skutefolket, som eig Brørvikaskuta på Stamnes. Dette blir eit spennande opplegg som me ikkje har prøvd før, der tolvåringane får vera med og segla, prøva å fiska, og også på ein annleis måte læra meir om kva Jesus gjorde då han var i båt. Invitasjonar kjem i posten til tolvåringane i juni, og påmelding skjer via mailadressa vegen@vaksdal.kyrkja.no. Om nokon ikkje har fått invitasjon, er dei likevel sjølvsagt velkomne til å vera med!



Skulevegenstart

Me kjem også i år til å invitera borna som nyleg har byrja på skulen, til gudstenester i august. Desse gudstenestene kjem me til å tilretteleggja spesielt for denne aldersgruppa, og me set fokus på ulike tema som kan vera spesielt viktige for borna i denne tida. Sannsynlegvis vert det også ei kort samling før gudstenesta, og kyrkjekaffi etterpå, under desse gudstenestene.

Bergsdalsstemna – niåringar spesielt inviterte

Jordbærjazz går i år tilbake til si tidlegare form: Bergsdalsstemna, som vert arrangert søndag 4.september.

Framleis ynskjer me å invitera årets niåringar til Bergsdalen denne dagen, men det er endå litt usikkert akkurat korleis opplegget blir. Sannsynlegvis prøver me å laga til nokon kjekke aktivitetar i og rundt kyrkja.

Tankar frå trusopplæraren

Då eg gjekk inn i denne jobben, gledde eg meg til å bli kjend med born og foreldre. Eg gledde meg til å skapa nye møteplassar og arrangera kjekke aktivitetar med rom for undring og tru. Og eg gledde meg til å sleppa den «vurderingsbiten» som er ein del av lærarrolla... Kjekt å vera lærar, men den biten var ikkje akkurat favorittbiten min, og det trur eg gjeld fleire lærarar. For det er klart at alle elevar ikkje får til alt like godt. Og uansett kor mykje ein snakkar om at det ikkje er resultat som tel, men at ein prøver så godt ein kan, og elles er snill og grei med dei ein har rundt seg, så er det jo så lett for borna å samanlikna seg med andre når det gjeld resultat som ein får svart på kvitt. Det vil nesten alltid vera nokon som er «betre» enn ein sjølv på ulike område. Om ein ikkje får resultat ein ynskjer, kan meistringskjensla forsvinna, og ein kan kjenna seg mislykka. Sjølv om ein eigentleg er god til mykje

anna. Eg òg veit korleis denne ekle kjensla er, eg har ho eigentleg litt akkurat no, her eg sit i sofaen og skriv, omringa av rot som eg eigentleg skulle ha rydda for lenge sidan, berre eg hadde «tatt meg sjølv i nakken» og kome i gong. Då er det godt å vita at Gud er glad i meg, uansett. Det er litt for lett å gløyma, men når eg huskar det, er det veldig godt å tenkja på. Han har skapt meg slik eg er, og er glad i meg, uavhengig av kva eg får til eller ikkje. Det er dette eg synest er så viktig å formidla til borna, på ulike måtar. At dei er elska, ikkje berre av dei rundt seg, men òg av Gud. At dei ikkje treng prestera for Han. Det er nok å berre vera til. Og med denne tryggleiken i seg, er det òg lettare å koma i gong med å gjera noko. For det treng ikkje verta perfekt, «godt nok» held i massevis!

Kristin





VAKSDAL KYRKJE 8. MAI: 1. rekkje frå venstre: Alexandra Boge Andreassen, Anna Elisabeth Sunde, sokneprest Edvard Bø, May Kristin Løtvedt Larsen og Maren Herfindal Nilsen. 2. rekkje frå venstre: Andreas Jamne Kvamme, Frida Takvam Sæterdal, William Amundsen Winterstø, Jacob Solhaug, Mikal Herfindal Jacobsen, Elias Jose Simmenes Simbana og Sandra Flâm Krogsrud. (Foto: Fotograf Løtvedt, Bergen)



DALE KYRKJE 7. og 8. MAI: 1. rekkje frå venstre: Ida Gjerme Jakobsen, Rosa Elizabeth Vaksdal, Tonje Nummedal-Rolland, sokneprest Frode Kvamsøe, Ingrid Boge Sigurdson, Ruth-Sofie Rødberg Arne og Martine Olsen Tvetærås. 2. rekkje frå venstre: Knut Anders Boge Fotland, Simen Berntzen Bolstad, Hanna Bolstad Hesjedal, Elise Vaktadal Kvamsøe, Lars Seim, Bjørn Kristian Vikøren, Gabriel Habib Bakar, Johan Hammer Stanghelle, Irmelin Trenge-reid Hop, Markus André Terjesen. 3. rekkje frå venstre: Anja Herheim Kyrkjeteig, Amelia-Mathilde Moe, André Helle, Eirik Stokke Bøe, Mikal Breivik Johnsen, Kari Faugstad Jordalen og Markus Johnsen Davidsen. William Helle Hestad og Marthe Nordby Karlsen var ikkje til stades under fotograferinga. (Foto: Fotograf Løtvedt, Bergen)



EIDSLAND KAPELL 23. APRIL: Frå venstre: Karita Matre Nordheim, Lene Olsen Gjæsti og trusopplærar Antje Michelau-Meyn. (Foto: Jahn Olav Nordheim)



BERGSDALEN KYRKJE 15. MAI: Konfirmant Henrik Selberg Wisth, som bur i Bergen, men som ønskte å bli konfirmert i kyrkja han var døypt i, saman med sokneprest Edvard Bø. (Foto: Kyrkjebladet for Vaksdal)



STAMNES KYRKJE 15. MAI: Frå venstre Alfred Thunestveit, sokneprest Edvard Bø og Thomas Mikkelsen Nybøe. (Foto: Kyrkjebladet for Vaksdal)

KONFIRMANT

PRESENTASJON

Av kyrkjelyden sine konfirmantar skjer i ei gudsteneste i starten av konfirmasjonstida.

Dette er datoane i haust:

Stamnes: Søndag 21. august kl. 11.00
 Vaksdal: Søndag 21. august kl. 18.00
 Dale: Søndag 28. august kl. 11.00

KONFIRMASJONSDATOAR 2017

Dale: Laurdag 6. mai kl. 12.00
 Søndag 7. mai kl. 11.00
 Vaksdal: Søndag 7. mai kl. 11.00
 Stamnes: Søndag 14. mai kl. 11.00

UNGDOMSRÅDET FOR BJØRGVIN

I mars var det ungdomsting for Bjørgvin bispedøme, med val av nye medlemmer i bispedømmet sitt Ungdomsråd. Sigrid Straume Normann frå Stamnes vart eit av dei nye medlemmane i rådet, og me ynskjer ho lukke til med oppgåva.

LEDD I GUDSTENESTA

► **Kunngjeringar**

Å gjere kunnig, gjere kjent.

I gudstenestene våre har me kunngjeringar. I andre samanhengar vert det gjerne kalla informasjon. Her får ein vite kva takkofferet går til, kva tid det vert teke opp i gudstenesta, og gjerne informasjon om føremålet. Ein får vite at det er kyrkjekaffi etter gudstenesta, kvar det er gudsteneste neste søndag, kva tid det neste gong er gudsteneste i denne kyrkja, og gjerne informasjon om bedehusmøter, konsertar mm. Lysing av giftarmål var ein tradisjon før, som framleis er mogleg.

I arbeidet med gudstenestereforma har kunngjeringane vore diskusjonstema. Skal kunngjeringane vere der dei er i dag eller treng ein ikkje dette leddet i gudstenesta? Bør alle opplysingane kome i førebuingdelen før gudstenesta tek til? Skal det plasserast i slutten av gudstenesta? Før eller etter velsigninga? Skal ein berre henge eit oppslag i våpenhuset, eller skrive kunngjeringane på eit ark til utdeling? Er det rett å bryte den andelegedimensjonen i gudstenesta med verdslege


opplysningar om kyrkjekaffi og anna?

Nokre stader har dei valt å ikkje ha kunngjeringar i det heile og brukar då gjerne oppslag i våpenhuset i staden. Nokre har valt å legge alt i førebuingdelen, andre legg alt til slutten av gudstenesta og nokre skriv dei på ark til utdeling.

I våre gudstenester har me valt å la kunngjeringane vere plassert slik dei var før reforma; etter preika og truedkjening før forberona. For kvar elles skulle me plassere dei? Det vart til at me valde å følgje tradisjonen. Men nokre endringar har me gjort. Namna på borna som vert døypte og kva nattverdform som skal nyttast vert sagt i førebuingdelen i staden for i kunngjeringane.


Gudstenestereforma har peika på høvet til frie vitnesbyrd. Hå oss er kunngjeringane plassen for å kome med det. Me nyttar òg denne plassen i gudstenesta til framføring av korsong, eller ein songbolk.

TSØS



Bibelselskapet
fyller **200 år**
Gi en
jubileumsgave
til kristne
på **Cuba**

Gi en gave nå!

 **Bibeltaven**

Slutt på prestebustaden i Vaksdal

Presteparet Edvard og Kari Bø flytter ut av prestebustaden på Vaksdal rundt 1. juli. Buplikta for prestane vart oppheva i september sist år. Me vil no flytte inn til leiligheita som me eig i Bergen. Ho ligg på Nattland. Adressa er Lerkerinden 107, 5099 Bergen.

Eg vil framleis arbeide som prest i kyrkjelydane i Vaksdal, og vert pendlar. Dette fører til at det ikkje lenger vil vere prestekontor på staden Vaksdal. Kontoret vert flytta frå bustaden til Messo på Dale, i Fabrikkvegen 3 saman med det øvrige kyrkjekontoret. Der har me fått overta kontorlokalar frå kulturkontoret i første

etasje.

Me vil framleis kunne nytta Vaksdal kyrkje som ein stad til å ha samtaler på Vaksdal, men i mange høve har jo prestane kome heim til dåpsfamiliar og pårørende ved gravferd. Konfirmantførebuing vil og vere knytt til Vaksdal kyrkje som før. Det som vert nytt framover er at presten vil søkje å samle tenestene medan han er i bygda.

Bustaden i Vaksdalsgarden 10 er kommunal. Kommunen har her eigne planar med kva dei vil gjere med huset, og den vil nok ikkje lenger nyttast som prestebustad i framtida.

Edvard Bø

Resultatet av FASTEAKSJONEN

Konfirmantar og andre gjekk måndag og tysdag før påske på dørene i dei største sokna, og resultatet vart slik:

Vaksdal sokn:	Kr 26.027
Dale sokn:	Kr 22.953
Stamnes sokn:	Kr 12.047.
I tre av sokna kom pengane inn som takkoffer i ei gudsteneste i påska.	
Resultat:	
Eksingedalen kyrkje:	Kr 475
Nesheim kyrkje:	Kr 2.420
Bergsdalen kyrkje:	Kr 1.523

Totalt for alle sokna i Vaksdal: Kr. 65.445



Vaksdal bedehus

Søndag 28. august og 18. september kl.
11.00: Storsamling



Stanghelle bedehus

Møte 24. august kl. 19.00.
Møte v/Leiv Nesheim.



Stamnes bedehus

13.-16. september kl. 19.00: Møteveke
v/Leiv Nesheim.

Kyrkjene har fått GATENUMMER /ADRESSER

Bergsdalen kyrkje:

Bergsdalsvegen 1010
5722 Dalekvam

Dale kyrkje:

Kyrkjegata 1
5722 Dalekvam

Eidsland kapell:

Eidslandsvegen 2014
5728 Eidslandet

Eksingedalen kyrkje:

Sørdalsvegen 10
5728 Eidslandet

Nesheim kyrkje:

Nesheimsvegen 31
5728 Eidslandet

Stamnes kyrkje:

Grupevegen 19
5727 Stamnes

Vaksdal kyrkje:

Vaksdalsgarden 34
5725 Vaksdal

Adressene kan vere nyttig mellom anna for tilreisande som nyttar elektroniske kart og GPS, så notér gjerne adressa til di kyrkje så du har ho klar når nokon treng ho! Koordinatane finn ein m. a. på www.seeiendom.no

KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



Bjerkheim
Jazz

Live frå Vossa Jazz 2011

Musikk av Olav Arne Steinkopf
Tekstar av Trygve Bjerkheim

CD-en kostar kr 100,-,
og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller gjennom Kyrjekontoret

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
 med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
 5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
 Kaldtbord
 Snitter

Minnesamvære:

- Dekking
- Mat
- Servering

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop
 prix**

Opningstider:
 Mån-laur 8-20
 Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**SÆTERDAL
 ELEKTRO**

Me leverer alt innan
 elektrikartenester.
 Tlf. 56 59 43 00

SparebankenVest
 – satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

**VAKSDAL BLOMSTER OG
 BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
 Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s
 AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
 Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip
 Restaurering • Bolting • Oppretting

**STEINRIKET
 DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Bergsdalen

27.03 Jakob Murithi Mbogo-Svensson

Dale

27.03 Emil Carlsen Hop
Simen Rolland Midtun

01.05 Noah Andreassen

05.06 Maiken Arnesen

Eksingedalen

10.04 Knut Johannes Boge Høvik

Stamnes

25.03 Vera Leana Mo Lilletvedt

Olivia Børhaug

03.04 Siw Emilie Kulshamar

Vaksdal

17.04 Johannes Hesjedal-Eliassen
Tobias Vinje Hamre

07.05 Arvid Etterlid

29.05 Fenris Heimdal Eliassen

Nickolas Olsen Hammersland **Stamnes**

22.12 Marta Vik 1926

01.01 Bjørg Iversen 1929

23.01 Klara Vik 1918



DØDE

Dale

11.03 Anne Sofie Sandvik 1945

14.03 Oskar Danielsen 1923

30.03 Karen Johanne Hilland 1928

10.04 Kristi Øye 1925

21.04 Kristine Johannessen 1921

24.04 Birger Rørvik 1926

27.04 Bjarne Hilland 1928

05.05 Reidar Stanghelle 1929

18.05 Randolph Ramstad 1927

19.05 Bjørn Magnar Flatås 1965

23.05 Anton Peder Rønhovde 1925

29.05 Helga Tysse 1928

Vaksdal

12.03 Karl Gustav Søderberg 1918



VIGDE

Bergsdalen

28.05 Andreas Pettersen og Margrethe Terjesen



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet

56 59 89 34

Effektiv

trafikkopplæring

Tlf. 913 03 491

geir@effektivtrafikk.no

www.effektivtrafikk.no

Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 19. juni - 5. søndag i treeiningstida
AGNAVIKA (Stanghelle) kl. 16.00. Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

Sundag 26. juni - 6. søndag i treeiningstida
VAKSDAL KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.
NESHEIM KYRKJE kl. 15:00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.
Kyrkjekaffi.

Sundag 3. juli - 7. søndag i treeiningstida
BERGSDALEN kl. 15:00. Stølgudsteneste på Moastølen.
Bø. Ta med mat og drikke. Ved dårleg ver vert gudstenesta i
lavvuen ved Småbrekkevatnet.

Sundag 10. juli - 8. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE kl. 11:00 Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Sundag 17. juli - 9. søndag i treeiningstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Sundag 24. juli - 10. søndag i treeiningstida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.
Nattverd.

Fredag 29. juli - Olsok
LEIRO (Eidsland) kl 18:00. Olsokstemna/Friluftsgudsteneste.
Kvamsøe. Felles avgang frå Myster kl. 16.30. Ta med mat og
drikke. Ved dårleg vær er stemna under Ljoseberghelleren.

Sundag 31. juli - 11. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.
Nattverd.

Sundag 7. august - 12. søndag i treeiningstida
VAKSDAL KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.
Nattverd.

Sundag 14. august - 13. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.
Nattverd.

Sundag 21. august - Vingardssøndagen / 14. søndag i
treeiningstida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Bø. Dåp.
Nattverd. Konfirmantpresentasjon
VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00. Ungdomsgudsteneste. Bø. Dåp.
Nattverd. Konfirmantpresentasjon

Sundag 28. august - 15. søndag i treeiningstida
DALE KYRKJE. kl. 11:00. "Fest på kjerka" / Friluftsguds-
steneste i Messehagen på Dale, i samarbeid med
Sjømannskyrkja. Audestad og Kvamsøe. Presentasjon av
konfirmantane. Markering av skulestart for 6-åringane.
Kyrkjekaffi.
NESHEIM KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Sundag 4. september - 15. søndag i treeiningstida
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Bergsdalsstemna / Familie-
gudsteneste. Audestad og Kvamsøe. Nattverd. Dåp.
Kyrkjekaffi og songstund.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Audestad
og Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Markering av skulestart for
6-åringane. Kyrkjekaffi.

Dåp = Høve til dåp i gudstenesta. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på www.vaksdal.kyrkja.no og for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no